

EMNERAPPORT VÅREN 2021

Emnekode og navn: **NOR-U3**

Vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

Våren 2021 var det fire grupper på NOR-U3:

3A: tilsette ved UiB, partnarar og studentar, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

3B: flyktningar og innvandrarar, 4 dagar i veka à 2 undervisningstimar (104 t. totalt)

3C: tilsette ved UiB, partnarar og studentar, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

3D: tilsette ved UiB, 2 dagar i veka à 3 undervisningstimar (78 t. totalt)

Kurset gjekk over 13 veker. Gruppene var fordelt på tre lærarar; ein lærar hadde to grupper. Studiestart var i veke 4. Pga. koronasituasjonen starta undervisninga opp på Zoom. Tre av gruppene (a, c og d) heldt fram med det resten av semesteret, medan gruppe b hadde klasseromsundervisning i alle dei vekene UiB opna for det, dvs. 3 + 4 veker. I desse periodane var progresjonen til studentane merbar. Det blei gitt tilbod om grammatikkurs, konversasjonskurs på Zoom.

Det blei lagt ut informasjon, oppgåver, powerpoint-presentasjoner med og uten lyd og lenker til studentene på Mitt UiB gjennom heile semesteret. I løpet av dei siste tre semestera har trinn 3-lærarane tilrettelagt oppgåver for digital bruk. Mange av desse oppgåvene kan studentane gjere når det passar for dei. Trinn 3-lærarane har også hatt eit særskilt samarbeid dei siste åra.

Studentane fekk individuell tilbakemelding både i og etter undervisninga. Frammøtet varierte ein del, også når det var zoom-undervisning.

Eksamensform

NOR-U3 hadde digital saleksamen. Eksamensbestod av ein skriftleg og en munnleg del.

På skriftleg eksamen hadde studentane som brukte låne-pc, tekniske problem. Dette skuldast truleg at pc-ane ikkje hadde vore i bruk på lenge og måtte først oppdaterast.

Munnleg eksamen blei gjennomført på Zoom med ekstern sensor til stades. Munnleg eksamen bestod av ein samtale mellom student og eksaminator (læraren på kurset) om tema frå pensum.

Eksamensvurdert med karakterar frå A til F.

Strykprosent og fåfall

Oppmeldt ved studiestart: 81 i tillegg til 20 privatistar

Oppmeldt til eksamen 14 dagar før: 83

Møtt til eksamen: 69

Bestått: 52

Stryk: 17

Studieinformasjon

Mitt UiB og e-post blei brukt til kommunikasjon mellom UiB (administrasjon og lærarar) og studentane

Pensum

Kompendiet *Litt av hvert ... om Norge og nordmenn*. Kompendiet blei lagt ut på Mitt UiB. I tillegg leste alle gruppene ein roman og tre noveller. På Mitt UiB hadde studentene tilgang til fasitar og ekstra oppgåver, lydfiler og nettressursar, grammatikkoversikter, tidlegare eksamensoppgåver o.a.

Lokale og undervisningsutstyr

Alle gruppene hadde rom i Eldoradogården, men berre ei av gruppene brukte rommet.
Utstyret fungerte godt.

Kommentar til studentevalueringane

Metode – gjennomføring

Elektronisk anonymisert spørreundersøkelse på SurveyXact til alle som var oppmeldte i emnet blei sendt ut av administrasjonen. Ca 70 studentar fekk tilsendt skjemaet, og 24 som svarte, nokre berre delvis.

Oppsummering av innspill

Emnet er studentevaluert med elektronisk spørjeskjema i SurveyXact. Undersøkinga blei distribuert til ca 60 studentar og 24 svarte, 4 av desse berre delvis. Det ser ut til at dei som svarte gjekk på kursa a og c som er ei blanding av studentar og tilsette. Desse kursa er på dagtid.

Generelle resultat:

- 91 % av dei som svarte deltok minst 75 % i undervisninga og 82 % tok eksamen.
- 86 % vurderte kurset som veldig bra eller utmerka. Dei resterande er spreidde.
- Dei fleste synest undervisninga var (svært) god og er fornøgd med den digitale undervisninga. Elles er det stor spreiing i kva dei ville hatt meir eller mindre av:
 - Nokre ønska seg meir av fleire typar undervisning, særleg grammatikk- og vokabularoppgåver.
 - Nokre sakna å kunne ta grammatikkurset.
 - Nokre syntest at skriveoppgåver og grammatikkoppgåver som heimearbeid var det mest nyttige.

- Ein del (52 %) ønska seg meir uttaletrening i klasserommet.
- Dei syntest stemninga var god på kurset, at undervisninga var tydeleg og at dei fekk nok tilbakemelding. Nokre nemner at ein del medstudentar er vanskeleg å få i tale.

Alt i alt rekna respondentane kompendiet, materiell på Mitt UiB og ekstramateriell dei fekk av læraren som det mest nyttige på kurset.

- Fleirtalet (64 %) brukte mellom 2 og 5 timer i veka på studiet utanom undervisninga, men spraket var stort. 15 % brukte mindre enn 2 timer, mens resten brukte meir enn 5.
- 55 % var fornøgde med sin eigen innsats.
- Dei rapporterte i stor grad å ha fått betra norskferdighetene sine.
- Over 90 % brukte Mitt UiB aktivt (fleire gongar i veka eller oftare).
- Ein del peikar på at dei hadde for lite tid til å gjøre det som blei krevd av dei på kurset.
- Dei fleste studentane syntest UiB handterte situasjonen godt.

Kursdeltaking

Pga. koronasituasjonen var det ikkje mogeleg å krevje 75 % obligatorisk oppmøte på kurset. Nokre deltakarar var lite til stades pga. andre aktivitetar også når ein hadde zoom-undervisning. Oppmøte er viktig for å klare å følgje progresjonen og sikre at studentane har tilstrekkelege ferdigheter for å godkjennast til eksamen.